



VERET I OS OG FUSA:

Nymåne ● Veksande ◐ Fullmåne ○ Minkande ◑



I DAG 3°



I MORGON 6°



SØNDAG 6°



MÅNDAG 7°



TYSDAG 7°



ONSDAG 9°



FLO	IDAG	I MORGON	SØNDAG	MÅNDAG	TYSDAG
Kl.	04:24	05:41	07:09	08:19	09:14
Kl.	17:01	18:26	19:53	20:55	21:46
FJÆRE	IDAG	I MORGON	SØNDAG	MÅNDAG	TYSDAG
Kl.	10:31	12:16	00:53	02:06	03:00
Kl.	23:13		13:40	14:41	15:31
SOL	IDAG	I MORGON	SØNDAG	MÅNDAG	TYSDAG
Opp	06:56	06:53	06:50	06:47	06:43
Ned	18:39	18:41	18:44	18:46	18:49

Tok sin første NM-medalje sist helg

Fem gonger har ho deltek i lag-NM for damer. Sist helg tok Thea Hauge og lagveninnene for første gong steget opp på pallen.

Bridge-spelaren frå Os har i fleire år spelt fast på det norske juniolandslaget. Her heime har dei vore faste deltakarar under lag-NM for damer. I helga viste Thea og veninnene seg gode nok for sølv i meisterskapen.

– Det var utruleg moro. Me har sikkert vore med 4-5 gonger tidlegare, men aldri klart å hevda oss heilt oppe, seier osingen.

Skifta makkarar

21-åringen meiner sjølv at eit taktisk trekk slo godt ut for laget.

– Me har spelt med faste makkarar i fleire år. I denne turneringa byta me på det. Det slo positivt ut. Kanskje det er noko me må gjera oftare, seier ho.

I turneringa på Lysaker i Oslo var 31 lag i aksjon i dameklassen. Her spelte dei 10 kampar à 10 spel. For junior-jentene med Hauge i spissen var det mot slutten at det tok av for alvor.

– Me låg bra oppe heile vegen, men det var først i dei fem-seks siste omgangane at me klatra opp på medaljeplass, seier Thea.

Vinnarane vart eit lag frå austlandsområdet og Trøndelag kalla 1 None Blonde. Dei vann suverent med 139 poeng. Thea og juniorjentene enda på 127 og kapra altså sølvmedaljen.



STERK, UNG KVARTETT: Sølvvinnarane frå venstre - Katarina Ekren, Thea Hove Hauge, Sofie Græsholt Sjødal og Agnete Hansen Kjensli.

Til Nederland

Om ei veker reiser Thea til Amsterdam for å spela ei turnering kalla Whitehouse. Denne er for U26-lag.

– Det er ein open klasse, og me stiller

med eit mikslag med to jenter og to guttar.

– Og målet er pallplass?

– Eg veit ikkje kva me kan våga å venta oss. Me har ikkje spelt så mykje i lag,

men me håpar jo på ei god plassering, seier den nybakte NM-sølvvinnaren.

► Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Kolskogen debuterer på U21-landslaget i fotball

Osing Ole Martin Kolskogen er med i U21-troppen som skal spela mot Finland og Russland i slutten av mars.

► OS

Det vart klart då trenar for U21-landslaget, Leif Gunnar Smerud, presenterte laget tysdag.

Uttaket ber ifølgje Bergens Tidende preg av mange unge spelarar. Årsaka er mellom anna at Noregs U20-lag skal til VM.



MED I TROPPEN: I slutten av mars spelar Noreg sitt U21-landslag mot Finland og Russland på Marbella. I troppen er tidlegare Os-spelarar og osing, Ole Martin Kolskogen. (Foto: Arkiv)

Forutan Kolskogen, som spelar for Åsane, er det tre andre hordalendingar i troppen, deriblant Einar Iversen frå Stord. Begge er fødd i 2001.

– Vi hadde trong for spelarar i posisjonane der Kolskogen og Iversen spelar. Eg har sett dei i G18-EM, der laget gjorde ein flott innsats, seier Smerud til avisa.

– Stor anerkjening

Sjølv syntest Kolskogen det var utruleg kult å få beskjeden frå landslagstrenaren

måndag.

– Planen er å halda fram med å spela for G18-landslaget, sjølv om eg no får prøva meg i lag med spelarar som er nokre alderstrinn over, seier ungguten, som meiner uttaket er ei stor anerkjening av innsatsen han legg ned.

U21-landslaget si EM-kvalifisering startar heime mot Kypros i september. I Noreg si kvalifiseringsgruppe finn ein også Portugal, Nederland, Hviterussland og Gibraltar.

► Camilla Kvamme

camilla.kvamme@osogfusa.no



GRATIS APP: Les avisa digitalt på PC/Mac, mobil eller nettbrett.

KONTORTIDER: Måndag - fredag: kl. 8.30-16.00
Laurdag stengt.



Facebook: facebook.com/osogfusaposten
Twitter: [@Osogfusaposten](https://twitter.com/Osogfusaposten)
Instagram: [#osogfusaposten](https://www.instagram.com/osogfusaposten)
Snapchat: [osogfusaposten](https://www.snapchat.com/add/osogfusaposten)